

2

Framlegg til

FØRESEGNER FOR REGULERINGSPLANEN TOLOMARKA.

§. 1. Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor denne grensa skal arealet nyttast til:

- A. Bustadføremål.
- B. Butikkføremål.
- C. Trafikkføremål.
- D. Leik - friområde. Park - friluftsområde.
- E. Off. føremål - skule - dagheim.

§ 2. A. Område for bustadføremål.

a. Frittliggjande bustadhus skal førast opp i 1 etg. Sokkeletasje kan, der terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn høver for det, innreiast for bustadføremål, men i samsvar med byggeføresegnene (byggeforskriftene).

b. For kvart einskilt husvære skal det setjast av plass for 1 garasje og oppstillingsplass for minst 1 bil.

Garasje skal helst byggjast saman med bustadhuset. Men bygningsrådet kan i særlege høve tillata frittliggjande garasjar.

Frittliggjande garasjar skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge.

c. Område for rekke - kjedehus skal ha $U = 0.20 - 0.30$. Før handsaming av søknad om byggeløyve kan bygningsrådet be om at det vert utarbeidd detaljert plan for vedkomande område eller husgruppe.

- d. Garasje og parkeringsplassar skal opparbeidast som fellesanlegg der dette er vist i planen.

§ 3. Butikkføremål.

Butikkbygg kan førast opp i to (2) høgder. Utnyttingsgraden skal ikkje overstiga 0.4. Det skal anleggjast eigen parkeringsplass på tomte som tilsvarar 1 plass pr. 50 m² butikkareal.

§ 4. Felles føresegner.

- a. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldingar sjå til at busetnaden får ein god og harmonisk form med omsyn til utsjånad, takvinkel, farge, materialval m.v.
- b. Eventuell mur/gjerde - høgde, farge og utføring - skal godkjennast av bygningsrådet.
- c. Eksisterande vegetasjon (skal) må vernast så langt det er praktisk mogeleg.
- d. Planter og trer må ikkje setjast (plantast) på ein slik måte at det etter bygningsrådet sitt skjøn verkar sjenerande for nabo eller den offentlege ferdsel, snøbrøyting m.v.
- e. Hovedveggar og gangveggar vert brøytt av kommunen. Felles avkøyrslvegar og vegane til dei einiskilde hus/husgrupper må huseigarane sjølve syta for å få brøytt.
- f. Trafokioskar kan plasserast inntil 1.5 m frå vegkant i friområde.
- g. Unnatak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, gjerast av bygningsrådet, men berre innanfor ramma av bygningslova og byggeføresegnene.

§ 5. E. Offentleg føremål - skule.

- a. Det skal utarbeidast særskilt utbyggingsplan for området godkjend av bygningsrådet før byggearbeidet kan setjast i gang.